



## Invitasjon til fagdag med fokus på verdien av kulturlandskap, beiting og grasbaserte produkt



Denne dagen sett vi fokus på dei mange verdiane knytt til landbrukets kulturlandskap, samt lyfter fram potensialet som ligg i beiteressursar og grasbaserte produkt.

**Tid:** Tysdag 19. mai 2026, kl. 9.30 – 16.00

**Stad:** [Lien Fjellgard](#) i Svartdal med synfaring i UKL-område

Med oss har vi nasjonale fagpersonar og forskar med spisskompetanse som **Ann Norderhaug, Ellen Johanne Svalheim og Hanne Sickel**, dei to siste frå NIBIO, men ikkje minst møter vi også lokale ressurspersonar som **Ingvill Buen Garnås** i frå Kulturlandskapsenteret og UKL-praktikarar som **Åse Marit Nordbø, Gunleik Mæland og Olav Tho**. Sjå detaljerna program neste side.

**Deltakaravgift:** Kr 500,- inkludera mat gjennom dagen. Betalst ved påmelding, sjå link under.

**Påmelding og frist:** Gjerast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark [via denne linken](#).

Hugs betaling ved påmelding. Fyrstemann til mølla pga. kapasiteten på Lien gard, **seinast 5. mai**

**Køyring / parkering:** Grunna marginale område til parkering, oppmodar vi alle til å tenkje samkøyring.

**Spørsmål:** Ta kontakt: Ellen Dagsrud, [ellen.dagsrud@statsforvaltaren.no](mailto:ellen.dagsrud@statsforvaltaren.no)  
Helle Kristin Solberg, [helle.solberg@hjartdal.kommune.no](mailto:helle.solberg@hjartdal.kommune.no)  
Maria Fremmerlid, [maria.fremmerlid@seljord.kommune.no](mailto:maria.fremmerlid@seljord.kommune.no)

**PS:** Tilrår elles støvlar eller tursko, og klede etter veret, samt gjerne eit sitjeunderlag til kafferasten.

Med helsing

Hjartdal kommune, Seljord kommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark





## Program:

---

- 09:00 Mingling med kaffi, te og ein liten matbit
- 09:30 **Velkomen – Litt om dagen og Utvalde kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal**  
**Kvifor løfte verdien av kulturlandskap og grasressursar i 2026?**  
Ved Ingunn Sømme, landbruksdirektør, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- 09:45 **Litt om historia bakom Utvalde kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal samt nokre tankar om framtida**  
Ved **Ann Norderhaug**, biolog og tidlegare forskingsleiar for kulturlandskap i den gang Bioforsk, nå NIBIO, m.m.  
*-Ann Norderhaug har som biolog og forskar vore ein av pioner innanfor kartlegging og forvaltning av kulturlandskap. Som fyrste kvinne fekk ho i 2005 Nordisk råds Natur- og Miljøpris for sitt arbeid med kulturlandskap i Norden. Ho har utgitt og vært med på å utgje ei rekke publikasjonar, t.d. bøkene [Skjøtselboka](#) og [Seterlandskapet – Historien, naturen og kulturen](#). Og ikkje minst var ho sentral i arbeidet med å etablere Hjartdal og Svartdal som utvalt kulturlandskap*
- 10:15 **Biomangfalde i kulturlandskapet og beitedyras rolle – Kvifor og korleis sikre langsiktig skjøtsel og drift**  
Ved **Ellen Johanne Svalheim**, biolog og forskar ved [NIBIO](#)  
*-Som kulturlandskapsforskar har ho spesialisera seg på artsmangfaldet og korleis vi menneske kan bidra til robuste økosystem. Ho står bak forvaltningsmodellen «Arvesølvmodellen», og er koordinator for den nasjonale handlingsplanen for slåttemark, som drivast etter denne modellen. Ho har utgitt en rekke publikasjonar bl.a. [Frøboka](#) og [Folka og landskapet](#).*
- 11:00 Beinstrekk
- 11:15 **Verdien av beiteressursar og grasbaserte produkt - Presentasjon av [rapporten «Terroir på norsk – husdyrprodukt med lokal identitet»](#)**  
Ved **Hanne Sickel**, forskar [NIBIO](#)  
*- Jord er ikkje berre jord. Ost er ikkje berre ost. Det franske ordet terroir handlar om korleis jordsmonn, klima og produksjon / tradisjon påverkar kvalitet og smak. Målet med arbeidet i frå 2015 har vore å undersøke samanhengen mellom naturgitte høve, tradisjonell økologisk kunnskap og produkta. Dette er minst like aktuelt i dag.*
- 11:45 **Nordbø gard & stule – perspektiva til ein ny generasjon av mjølkeprodusentar og stulsdrivarar**  
Ved Åse Marit Nordbø, komande drivar  
*- Ein familiedriven gard med mjølkeproduksjon, aktiv seterdrift og sal av gardsmat. Garden ligg i solhellinga ovanfor Hjartdal kyrkje, stølen Bjordal ligg langs Fjellvegen mot Hundemyr. Dei tek i mot grupper for servering og forteljing om gardsdrifta, om sumaren også demonstrering av ysting og kinning og sal av rjomegraut. - [www.telegardar.no](http://www.telegardar.no)*

- 12:00 **[Kulturlandskapssenteret](#) – Kunnskaps- og formidlingscenter i Hjartdal – Kort presentasjon og litt om programmet ute**  
V/ Ingvill Buen Garnås, dagleg leiar/formidlar/konsulent  
*-Målet vårt er å auke den ålmenne kunnskapen om kulturlandskapet si tyding for miljø og berekraft. Me arbeider i nettverk med lokale og nasjonale organisasjonar og institusjonar og driv både med formidlingsaktivitetar og konsulentverksemd.*
- 12:20 Oppsummering
- 12:30 **Lien-lunsj med heimelaga mat og lokale smakar - litt informasjon om garden og drifta**
- 13:30 Reise frå Lien Fjellgard og ut i kulturlandskapet
- 14:00 **Vandring i Hjartdalbygda med oppmøte på Teleros samdrift, Holmsvegen 220**  
Ingvill Buen Garnås frå Kulturlandskapssenteret tek oss med i lauvingslia på Myljom-To og slåtteenglokalitet på øvre Bøllås. Ho vil fortelje litt om lokalitetane, litt om korleis senteret arbeider med skjøtselsplanar og oppfylging i samarbeid med forvaltinga, samt litt om kva senteret har å tilby skuleklasser og andre grupper.
- I tillegg møter vi Gunleik Mæland frå [Rørtveit gard](#) som er ein av dei som drifrar den nye felles spesial slåmaskin av merket [Brielmaier](#). Demonstrasjon.
- Vi tek oss tid til kafferast med Lien-bakst under vegg.
- 16.00 Vel heim!



Foto: [www.kulturlandskapssenteret.no](http://www.kulturlandskapssenteret.no)